

Referat

Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg

Møte: Møte 3 -2019 Kommunalsjefgruppa

Dato/tid: 20.mai, kl. 09:00 – 15:00

Til stades: Ove Sæbø, Grete Herøy, Helge Kvam, Heinz Diehl, Malin Dåe og Anne Hildegunn Færøy

Ikkje møtt: Nina Kvamme, Ingebjørg Søreide, Monika Kvamme og Leni Dale

Saksliste:

Saksnr	Saker
13/19	<p>Godkjenning av saksliste og referat frå møte 2-2019 Saksliste og referat er godkjent utan merknader.</p>
14/19	<p>Val av midlertidig leiar for kommunalsjefgruppa Gruppa drøfta val av midlertidig leiar av gruppa. Det er semje om at ein av leiarane i randkommunane bør ivareta leiarrolla for gruppa ut 2019. Heinz Diehl sa seg villig til å fungera som leiar for gruppa ut 2019 dersom det er noko som alle repr. i gruppa kan slutta seg til. Sidan fire av medlemmene ikkje var til stades på møte ber ein om at alle melder tilbake om dei har merknader til val av midlertidig leiar.</p> <p>Vedtak: Gruppa takkar for at Heinz Diehl vil ta på seg rolla som leiar for gruppa ut 2019, og ber om at medlemmer som ikkje var til stades i møte melder frå om dei har merknader til dette.</p>
Kl. 10 - 11	<p>Styringsgruppa for psykologprosjekt Referat frå denne delen av møte vert sendt frå Tonje Husum Aarland, sekretær for prosjektet.</p>
15/19	<p>KS Kompetansenettverk e-helse og innføring av nasjonale e-helseløysningar Kommunane har fått tilsendt ein e-post frå KS med informasjon om utvikling og utbreiing av nasjonale e-helse løysingar, at HOD og KS til saman har sett av 15 millionar kroner til føremålet, at det er etablert eit nytt kompetansenettverk for e-helse (KS e-Komp) og kva kommunar som er med i dette nettverket. I same e-post er det lagt ved eit tilskotsbrev der kommunane som er med i nettverket kan søkje om tilskot til å dekkja kommunen sine kostnader med å i arbeidet. Sidan det ikkje er nokon av NH kommunane som er med i nettverket vil ikkje denne tilskotsordninga gjelda våre kommunar</p> <p>Vedtak: Gruppa tar informasjonen til orientering</p>
16/19	<p>Vestlandsprosjektet/ Velferdsteknologiprosjektet Ove Sæbø gav ei orientering om status for prosjektet;</p> <ul style="list-style-type: none"> - nytt kurs i Velferdsteknologiens ABC startar i neste veke - spørsmål knytt til planlagt regional samling 17.september. Tilbakemeldingar frå kommunane i NH er at behovet for slike samlingar er synkande, og at ein langt på veg har gjennomført kurspakka i NH kommunane. Det er likevel viktig at kvar kommune vurderer om det er nyttilsette som har behov for kurspakken eller om det er nokon som ikkje har fullført alle delar av kurset. - prosjektet har fått større fokus på dei nye kommunane. Dette er ei naturleg utvikling av prosjektet - innspel/spørsmål frå prosjektgruppa; er det mulig å opprette ei Ad Hoc gruppe som kan sjå på bruk av Velferdsteknologi innan tenester til utviklingshemma. Dette kjem til å bli løfta inn til Styringsgruppa i neste møte.

	<p>Når det gjeld kommunalsjefgruppa sin møteplan og tidlegare samordning av møter i styringsgruppa for Velferdsteknologiprosjektet, så vart det drøfta om denne samordninga skal halda fram etter at prosjektet har tatt opp fleire kommunar og samansettinga av styringsgruppa har endra seg. Dersom dette opp med prosjektleiar og melder tilbake til gruppa når det er avklara.</p> <p>Etter møte har det komme e-post med melding om at det er avtala at neste møte vert 23. oktober – samstundes med at komm.sjefgruppa for NH møtes, og at ein held på dette sjølv om det no er fleire kommunar med.</p> <p>Dersom det er ynskje/behov for fleire møter i haust er det fint om dette vert spela inn til meg i forkant av prosjektgruppemøte 11. juni.</p>
17/19	<p>Lærlingar i kommunane</p> <p>Patrick Dincan, avd.leiar på Knarvik vgs og Vivian Kårbø, prosjektleiar Nordhordland Næringslag (NONL) var invitert til møte for å drøfta moglegheiter for tettare samarbeid mellom kommunane og Knarvik vidaregåande skule.</p> <p>Vivian Kårbø orienterte kort om bakgrunn for ønske om møte mellom kommunalsjefgruppa for helse og omsorg, vidaregåande skule og næringslaget. Det vart mellom anna vist til rapporten <i>Kompetanse og utdanning i Nordhordland</i>, utarbeidd av Grete Rusten ved UiB.</p> <p><i>«Studien tar for seg strukturelle forhold knyttet til befolkning, næringsliv og sysselsetting. Dessuten omhandler den utdanningstilbudet i den videregående skolen, og hvordan videregående opplæring involverer skoler og virksomheter i ulike former for opplæringssamarbeid, og erfaringene omkring dette. » ()</i></p> <p>Det vert m.a. stilt spørsmål ved i kva grad utdanningstilbodet i regionen møter arbeidslivets kompetansebehov, og i kva grad privat og offentleg verksemd bidreg til nødvendig utdanning og opplæring.</p> <p> Kompetanse og utdanning i Nordhordland</p> <p>Legg også ved «Regionalt kunnskapsgrunnlag Nordhordland», utarbeida av HFK.</p> <p> Regionalt-kunnskapsgrunnlag-Nordhordland</p> <p>Utvikling av felles omsorgsteknologisenter for Alver kommune og Knarvik VGS:</p> <p>Det vart vist til at næringssjefen i Lindås kommune er optatt av å få på plass ei fagutdanning innan Velferdsteknologi. Det vart vist til planlagt møte 14.juni, der Lindås kommune møter Knarvik vgs, representantar for Hordaland fylkeskommune og Nordhordland næringslag for å planlegge for vidare arbeid med dette.</p> <p>Læreplassar innan helsefag og barne – og ungdomsarbeidarfaget.</p> <p>Det er utfordrande at det er for lite læreplassar innan helse og omsorgsfaga. Konsekvensar av dette vart drøfta. Dei tre vidaregåande skulane i regionen(Austrheim, Knarvik og Osterøy) ønskjer å inngå ein samarbeidsavtale med kommunane for styrkja samarbeidet mellom vidaregåande skular i Nordhordland, næringslivet og kommunane når det gjeld læreplassar. Dette er eit av tiltaka for å betra rekrutteringa til yrkesfagleg opplæring og for å styrka tilgangen på læreplassar. Samarbeidsavtale er lagt ved i referatet.</p> <p> Samarbeidsavtale, mal.pdf</p> <p>Konklusjon:</p> <p>Kommunalsjefgruppa er positiv til samarbeidet og ei styrka satsing på yrkesfagleg utdanning, men peikar på at dette må sjåast i samanheng med kommunane sine budsjett og politiske prioriteringar.</p> <p>Kvar av repr. tar avtalen med til eigen kommune for vurdering og evt. signering. Dersom behov tar kommunen kontakt med Vivian Kårbø for evt. behov for dialog/avklaringar.</p> <p>Når det gjeld Alver kommunane, så vert det føreslått at Knarvik vgs tar kontakt med Leni Dale for å starta dialog om avtale med Alver kommune.</p>

18/19	<p>Randkommune prosjektet</p> <p>Representantar frå randkommunane, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Osterøy har fått tilsendt referat frå møte i Randkommune prosjektet 29.03.2019, der m.a. utfordringar knytt til rekruttering av legar vart drøfta. Det var også peika på om det kan vere mogeleg å ha felles kommuneoverlege i randkommunane. (sak 21/19)</p> <p>Bent Gunnar Ness har på vegne av rådmennene i desse kommunane stilt spørsmål om dette temaet kan drøftast i kommunalsjefmøte. Det er ønske om at ein eller to repr. for kommunalsjefane kan stilla på møte med rådmennene i Randkommune prosjektet for å drøfta korleis dette kan jobbast med framover.</p> <p>Gruppa drøfta saka, men sidan fleir at repr. frå fleir av randkommunane ikkje var til stades vart det ikkje konkludert noko i denne saka.</p>
19/19	<p>Meldingssaker / eventuelt</p> <p>Ingen saker meldt</p>